

# Årsmelding



# 2016

## Innholdsfortegnelse

<b>Arbeidsfordeling i styret</b> .....	<b>3</b>
Leiar Randi Ødegården .....	3
Nestleiar Arne Hodne .....	3
Skrivar Dagny Britt Frøyen .....	3
Inger Wangenstein .....	3
1. styremedlem Gudbrand Karlsen.....	3
2. styremedlem Aud Irene Hamre Rogn.....	4
3. styremedlem Halvor Eggen Pettersen.....	4
Varamedlem Ida Østvold.....	4
<b>Trimpostane</b> .....	<b>6</b>
Klyppekort og klyppetong.....	6
<b>Oppsummering turtrimmen 2014-2016</b> .....	<b>7</b>
<b>Turrapportar</b> .....	<b>8</b>
Kom-deg-ut-dagen til Fugleberg 7. februar .....	8
Skitur frå Filefjell til Skakadalen 9. april.....	8
Galdane rundt 4. juni .....	11
Jubel gjennom Jotunheimen, 19.-21. juli 2016.....	14
Galdhøpiggen 17. August .....	15
Hallingstein 1. oktober.....	16
<b>Rekneskap 2016</b> .....	<b>17</b>
INNTEKTER.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
UTGIFTER .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>

## Arbeidsfordeling i styret

### Leiar Randi Ødegården

har ansvar for:

- den daglege drifta av laget
- å ha kontakt med DNT Valdres
- ansvar for fellesturar, inkludert turleiarar og logistikk og ta kontakt med turleiarane og formidle kontakt vedr. skredsøkeutstyr på vinterturane (Norsk folkehjelp)
- å ha kontakt med det offentlege og presse



### Nestleiar Arne Hodne

har ansvar for:

- å overta leiarfunksjonen om ikkje leiar er tilstades
- sponsormidlar



### Skrivar Dagny Britt Frøyen

har ansvar for:

- å skrive referat frå styremøta, og helst sende dette ut innan ei veke
- å oppbevare førstehjelpsutstyr, og sørge for at dette er komplett
- Utstysansvarlig



### Inger Wangensteen

Kasserar har ansvaret for:

- å ha oversikt over den økonomiske stoda til kvart styremøte
- innkjøp og utbetalingar
- å skrive ut kontigentkrav til medlemane
- å samle alle rekneskapsbilag og avstemme bonkkonti



### 1. styremedlem Gudbrand Karlsen

har ansvar for:

- kontaktperson mot DNT Ung
- medansvarleg for fellesturar



## 2. styremedlem Aud Irene Hamre Rogn

har ansvar for:

- Turtrimansvarleg
- Medansvarleg for fellesturar
- Annonsering av turane
- Lage presseomtale av turane



## 3. styremedlem Halvor Eggen Pettersen

har ansvar for

- Medansvarleg på fellesturar
- Webansvarleg



## Varamedlem Ida Østvold



## Leiaren har ordet

Det har vore eit fint turår for laget, og me er godt nøgde med oppmøte på fellesturane. Me jobbar stadig med å finne turar me trur kan lokke Vangsjedingane ut av huset. Dei tre neste åra vil me prøve arrangere fleire fellesturar til turmåla våre.

2016 var avslutningsåret for turtrimmen, som no har vara i tre år. 20 turmål har hatt kasser, og me er allereie godt i gang med å flytte kasser til nye mål. Det kjem stadig inn fullførte klippekort. Det blir spanande å sjå kor mange som har fullført trimmen 2014-2016.

Bli med oss vidare inn i ny turtrim og nye fellesturar. Me treng deltakarar for å halde liv i turlaget!

Randi Ødegården

Leiar Vang Turlag


## Trimpostane

Styret har valgt 20 flotte turmål i Vang for turtrimmen 2017-2019. På kvar post er det ei postkasse med klyppetong og turbok. Alle medlemmar i Vang Turlag som leverar turkort og samlar nok poeng vil få tilsendt premie for innsatsen.

For premiering må ein oppnå fylgjande poengsum:

<b>Barn til og med 9 år</b>	<b>100 poeng</b>
<b>Barn 10 – 15 år</b>	<b>200 poeng</b>
<b>Vaksne</b>	<b>300 poeng</b>

Alle betalanda medlemmar får tilsendt nytt klyppekort. Heimesida er oppdatert med dei nye turmåla med kart og beskrivelse. [vangturlag.org](http://vangturlag.org)



Me viser til **Turhandbok for Vang** og turkart for **Vang i Valdres**.

## Klyppekort og klyppetong



## Oppsummering turtrimmen 2014-2016

No er turtrimmen 2014-2016 avslutta, og mange av kassene er allereie flytta til nye turmål. Her er noko av besøksstatistikken frå dei tre siste åra.

- |   |                         |
|---|-------------------------|
| 1. Utsikten 2389  | 11. Storehovda          |
| 2. Hødtind 2224   | 12. Tomashelleren 264   |
| 3. Tyisstølsnøse 1434   | 13. Uksestigen 105      |
| 4. Stølsnøse 866  | 14. Rauhødn 512         |
| 5. Varhøvdinden   | 15. Føssaberget         |
| 6. Stølsvegen Leirhol 390   | 16. Hamaren             |
| 7. Hallingstein 976   | 17. Tjørobyttjednet     |
| 8. Skjøld   | 18. Mugnetinden 3155    |
| 9. Grindadn 1264  | 19. Belgen stølslag 168 |
| 10. Fugeberg (ei bok manglar, så me har diverre ikkje talet, men dette er eit veldig populært turmål, og no er det også kome opp grillhytte her!) | 20. Bitihødn            |



## Turrappoartar

### Kom-deg-ut-dagen til Fugleberg 7. februar

Den 7. februar 2016 på «Kom deg ut dagen» hadde Vang Turlag tur til Fugleberg. Vi var 7 personar som møtte. Dagane før hadde turleiar, Inger Wangensteen, trakka veg med truger slik at det skulle vera mogeleg å gå utan ski. På Fugleberget var det servering av heimebaka bollar. Fin og hyggeleg tur.

Inger



### Skitur frå Filefjell til Skakadalen 9. april

Den kanskje finaste laurdagen til no i vinter møttes ni stykker frå Vang Turlag på "Hydro'n" kl 10:00. Der henta Per Niclas oss med taxi, og køyrde oss til Filefjell. Me tok Børrenøsheisen til topps, og tok fatt på vegen attende til bilane via Skakadalen.

Eit lite dryss turrsnø oppå fast skare gjorde oss alle til verdsmeisterar. Ruper og sol ynskte oss velkomne til fjells. Denne dagen kunne me berre nyte.





Turen starta på 1300moh, og enda på 500, så det seier seg sjølv at me ikkje møtte på dei lengste og brattaste motbakkane. Sidan veret og føret var så flott tok nokre av oss ein tur oppom Varhøvdvtinden, som er turmål i Vang Turlag sin turtrim. Denne runda varar turtrimmen ut 2016, så skund deg å gå ein tur på Varhøvdvtinden om du ikkje har vore der denne trimperioda.



Etter lunsj i sola fortsatte me mot Skakadalen. Me ok oss ned i Munin, og fulde vegen på nordsida (vest for uttabygds) av åne nedatt til Hydro'n. Den siste kilometeren gjekk me på føtene.



Ein godt nøgd gjeng var vel nede ved bilane i hall-fem tida. Denne dagen kunne ikkje vore stort finare.

Takk for turen!

Halvor og Randi

### Galdane rundt 4. juni

Laurdag 4. juni gjekk Vang Turlag «Galdane rundt» i nabokommuna vår i vest, Lærdal.

Me fekk eit særst flott turvær med sol frå «blank» himmel. Dei 15 personane som vart med turlaget, fekk ei felles oppleving av denne fine rundturen i spektakulært, vakkert og vilt vestlandslandskap.



Turen starta i Koret , som ligg i vestre ende av den historiske vegruta gjennom Galdane (tidligere E16 forbi Galdane). Me gjekk fyrst på den gamle vegen over Seltunåsen (den nyare Bergenske hovudveg mellom aust og vest), som vart bygd under leiing av Kaptein Finne, og var ferdigstilt i omlag år 1845. Kaptein Finne fekk kritikk for vegen, då det vart sagt at han valde for mykje muring og for lite sprenging. Vegen har ein jamn og fin linje, med solide brede og høge murar. I Gravdalen var høgda på muren opp i 15 meter. Vegen framstår i dag grasdekt og fin, i godt hald, og den er lett å gå.

Det er sett opp namn- og informasjonsskilt langs med heile strekninga, som gjer turen til ei reise i Norsk historie, både i forhold til busetting i særst utfordrande landskap, og ikkje minst veghistorisk. Når ein går turen, får ein eit visuelt perspektiv på 4 generasjoners hovudferdselsårer gjennom ein av dei mest utfordrande landskap som landet vårt har å by på. 3 av vegane ligg parallelt i den smale elvedalen, mens den nyaste E16 no går i tunnel under Seltunåsen.





Etter omlag 3 km kom me ned att på asfaltert veg (tidligere E 16 gjennom Galdane) og gjekk den nokre 100 meter. Så kryssa me over Lærdalselvi på brua ved Øygarden, og kom inn på den gamle kongevegen (frå om lag år 1790). Den har vorte sett fint istand dei seinare åra, og framstår no svært så imponerende nokre stader.

Det står på informasjonstavla ved Gjerdegalden at «*Gallerne er ein farleg veg under Filefjell*», det talar for seg sjølv.

Då me var vel så halvgått, kom me til ei kjempe fin trebru , heimelaga i Vang i Valdres, og frakta luftvegen for å gjere det mogleg å ta seg over den mektige, buldrande og høgreiste fossen ved Galdane. Det var reint forfriskande å krysse den, då me var godt varme etter ein par timars gange. Me tok ei god pause ved husmannsplassen Galdane. Galdane er eit godt bevart bevis på den norske vilja til å klare seg sjølv, og livnære seg av det som fanst i nærområdet, sjølv kor utruleg utfordrande naturen ikring ein er. Det gjer ein særst audmjuk, å tenkje på kva eit slikt liv kravde av mot, styrke og uthaldenheit.



Den siste delen av turen gjekk langs graskledd veg , med forfriskande elve bris, i eit landskap som fekk ein til å tenkje på «fare for steinsprang...» men rundturen var som å gå i kullissane til eit levande eventyr, så lite spenning høyre med. Den siste halve km gjekk me nedunder «det nyaste skuddè på Stamm(-veg-)en», og det var slutten på denne eventyrlege turen «Galdane rundt».





Turen går i variert kupert terreng, lett å gå. Lengda er 8,7 km totalt, med ein berekna tidsbruk på om lag 4 timar, inkludert eit par gode økte med pause. Takk for ein fin tur ilag, og god tur til andre som ynskjer å gå «Galdane rundt» i sommar.

Aud Irene Hamre Rogn og Dagny Britt Frøyen  
for Vang Turlag

### Jubel gjennom Jotunheimen, 19.-21. juli 2016

Årets vermelding for Jubelturen var den beste me nokon gong har hatt, og den slo til! Med ti påmeldte fekk me ei skikkeleg fin oppladning til 10-års jubileet til Vinjerock. Som tidlegare møttest me ved Bygdin, og sendte bagasje med båten til campen vår ved Torfinnsbu, slik at me kan gå med lette dagstursekkar. I år gjekk me opp på Synshødn og fulde Fagerdalen nedatt til Bygdin, og gjekk stigen til ferdig lavvoleir ved båtbygga ved Torfinnsbu. Her venta dei leiransvarlege med middag, og utover kvelden spelte me gruble i lavvoen, som har vorte ei fast jubeltradisjon.



Leirungskampen var målet for dagsturen på onsdag. Veret kunne lett bedømmast ut frå turgruppa si påkledning, det var ein varm dag i fjellet! Det gjekk jamt og trutt oppover Torfinnsdalen, og midt i Svartdalen svingar me opp på Svartdalsbandet og vidare opp på Leirungskampen. Etter bilete og jubling startar me på tilbakevegen. Vel nede får me endeleg

avkjølt oss, raskt og effektivt, med ein liten dupp i Bygdin. Middagen smakar utmerkt, og me avsluttar kvelden med quiz.



Siste dag går me som vanleg turiststigen til Eidsbugarden, og festivalliv. Ved høgstakkane festar me ballongar på sekkane, og vel over hengebrua får alle ein liten dram. Så er me klare for festival.

Takk for turen!

Turleiarar Åslaug og Randi

### **Galdhøpiggen 17. August**

I sin mest spektakulære drakt, fekk Vang turlag oppleve Galdhøpiggen onsdag 17. august 2016. Det vart ein helt fantastisk oppleving for dei 18 som meldte seg på, og ble med til toppen av Norge. Me vart velsigna med «krem vær», som gjev eit eventyrlig flott skue utover landskapet rundt Norges tak.

Etter ei sjels settande oppleving, gjekk turen ned att til Juvasshytta. Derfrå bila me vidare nedover i det storslåtte landskapet, til me kom ned att til Lom. I Lom var det duka for ein grep



god fellesmiddag sponsa av turlaget. Takk for god mat, og ein kjempe fin dag ilag, Vang turlag.



### Hallingstein 1. oktober

Laurdag 1. oktober hadde Vang Turlag «Seniortur» til Hallingsteinen. Det var presisert at turen passar for alle., men berre seniorar våga seg med. Vi var fire personar som gjekk. Fin tur, det bles litt mykje da vi åt nista vår, men alle var tilfreds med dagen.

## Rekneskap 2016

### INNEKTER

Refusjon for Jubeltur 2015	5000,-
Overførsel fra DNT Valdres 2016	12000,-
Overførsel fra DNT Valdres 2016	1921,-
Gave fra Vang Spb	6000,-
Medlemskontingenter lokalmedlem	9600,-
Kreditrente	72,90

---

Inntekter totalt 34593,90

### UTGIFTER

Mjøsvang Kafe, Årsmøte.	450,-
Jubeltur 2015	5000,-
Jubeltur 2016	5000,-
Utgifter Galdhøpiggtur	9600,-
Blomster til Ingrid	505,-
Årer og redningsvester	2301,-
GPS	5545,-
Heisutg den 9.april	400,-
Vesker til gaver	1500,-
Gebyrer	11,-

---

Utgifter totalt 30312,-

INNGÅENDE SALDO	23.11.15	71548,44
INNEKTER		34593,90
Totalt		106142,34

---

UTGIFTER - 30312,-

---

BEHOLDNING 75830,34